



**Til**

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

**Forslag til ny folkehelselov. Uttale frå Hardangerrådet iks.**

Hardangerrådet iks er regionalt samarbeidsselskap for dei 7 Hardangerkommunane/-herada: Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Hardangerrådet har gjennom eit eige forprosjekt "Samhandlingsreforma i Hardanger" arbeidd med å studera innhaldet i Samhandlingsreforma Stortingsmelding 47 (2008-2009) og forslag til ny folkehelselov med høyringsfrist 18.01.2011.

**På vegne av Eidfjord kommune, Granvin herad, Jondal kommune, Kvam herad, Odda kommune, Ullensvang herad og Ulvik herad gjev Hardangerrådet iks i møte 12.01.2011 med dette slik uttale til ny folkehelselov:**

Kommunane/herada i Hardanger støttar regjeringa sitt forslag til Stortinget om å vedta ei ny lov om Folkehelse:

- God folkehelse er mellom dei viktigaste ressursane i samfunnet. Å førebyggja sjukdom og for tidleg død, når det er mogleg, er eit samfunnsansvar.
- Kommunane må ha eit stort ansvar i folkehelsearbeidet og ser det rett at kommunen brukar alle sine sektorar for å fremja folkehelse, slik det nye lovforslaget understrekar, ikkje berre i helsesektoren.
- Kommunane støttar forslaget om at det politisk skal fastsetjast skriftlege mål og strategiar for å fremja folkehelse forankra i planprosessane etter plan- og bygningslova.
- Kommunane ser trong for statleg og kommunal prioritering for å iverksetja tiltak som kan møte dei lokale helseutfordringane. Å prioritera folkehelsearbeid vil sikra ei funksjonsfrisk og arbeidsdyktig befolkning, bidra til at færre vert sjuke, at sjukdom kan utsetjast og at sjuke kan rehabiliterast.
- Kommunane støttar at "miljøretta helsevern" (miljøretta folkehelsearbeid) vert lovheimla i den nye lova.
- Små kommunar kan ha for små ressursar til åleine å gjennomføra helseovervåking og kartlegga helseutfordringane, samt organsiera god kvalitet på folkehelsearbeidet. Kommunane i Hardanger har sett i gang eit forprosjekt omkring utvikling av felles folkehelsearbeid i Hardanger. Staten må stimulera økonomisk kommunar som slik saman ønskjer samordna arbeidet og etablera robuste fagmiljø med felles stillingar for kommuneoverlegar, folkehelsekoordinatorar og teknisk-hygienisk personell.

Kinsarvik, 14.01.2011

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar.

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51  
FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168  
www.hardangerradet.no – E-post: post@hardangerradet.no



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



KVAM  
HERAD



ODDA  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD